

Til foreldre og føresette til elevar ved Fitjar vgs

Trafikkdag 14.4 og dialogmøte 13.4

Tysdag 14.4 skal elevar ved **Fitjar vgs** og **9.-10. klasse Rimbareid skule** i samarbeid med mellom anna **Fitjar frivilligsentral, politi, Fitjar brannvesen, Naf, Helse Fonna** med fleire arrangera ein **trafikkdag**. Dagen har blitt arrangert tidlegare og anna kvart år i Fitjar kulturhus.

Tema for dagen er «**å ta ansvar**», og målet er å informera om sikkerheit i trafikken og stimulera til refleksjon og gode trafikkhaldningar. Det vert praktiske og teoretiske postar både ute og inne. Foredragshaldar er **Paul Erling Andersen** frå Finnmark fotballkrets. Det vil og vera helsesjukepleiarar tilstades i løpet av trafikkdagen.

Dagen før, **måndag 13.4 kl 18**, vil same foredragshaldar, Paul Erling Andersen, møte foreldre og føresette i eit **dialogmøte i Fitjar kulturhus**. Det er allereie testa ut tilsvarande møte i høve trafikkdagar. Erfaringar viser at foreldrestøtte er ekstra viktig. Me vil difor oppmoda foreldre og føresette til å koma på denne viktige samlinga!

Det vert servert kaffi/te i møtet, difor treng me påmelding.

Send mail til post.fiv@vlfk.no eller **ring 534 578 00** innan **9.4 kl 14** om du/de vil koma.

Hjarteleg velkomen!

